



FOLKEAKSJONEN I  
**HARDANGER**  
FOR KRAFTOVERFØRING  
MED SjøKABEL

WWW.STOPPKRAFTLINJA.NO

## Pressemelding 15.01.10

# Statnett, ein stat i staten..

**Statnett legg mykje prestisje i å få luftspenn gjennom Hardanger. Men kor går grensa for det politiske engasjementet til eit statleg selskap?**

Dei 3 nye rapportane frå DNT om kraftbalansen i Bergensregionen vil få stor innverknad på klagehandsaminga i OED. Statsråd Terje Riis Johansen har alt vedgått at dette fører inn nye moment som må vurderast. *”Spørsmålet er om konsesjonssøkjaren, Statnett, er den rette til å gje råd vidare i denne saka”* seier Jan Ivar Rødland, leiar i Folkeaksjonen i Hardanger.

Rapportane underkjenner ein del av Statnett sine resonnement og opnar samtidig for ein diskusjon om NVE si rolle. Gjennom heile konsesjonsrunden har NVE nærast ukritisk støtta Statnett sine argument.

Statnett går hardt ut i media og forenkler luftspenn diskusjonen til *”Et valg mellom kabel og klima”*. *”Om krafta går i kabel eller luftspenn er uinteressant i klimadebatten”*, seier Jan Ivar Rødland. *”Sentralnettet vil også i framtida byggast som luftspenn. Men i område med unike landskapskvalitetar, kan me ikkje forsvare desse enorme installasjonane, som mastene verkeleg er”*.

Statnett seier klart i frå at dei ikkje vil ha kabel i Hardanger. I desse dagar presenterer Statnett planar for 9 nye kablar under Oslofjorden. Nye kablar til DK og Storbritannia er også ein del av framtida. Jan Ivar Rødland er oppgitt over Statnett si politisering av saka. *”Det er uholdbart at Statnett nærast dikterer politikken til OED og statsråden. Også eit statleg selskap må forhalde seg til vanlege demokratiske spelereglar”*

### For meir utfyllande informasjon:

Jan Ivar Rødland 907 27 145 Leiar i «Folkeaksjonen i Hardanger»  
Klaus Rasmussen 4566 7708 Sekretær

[jan@vestskog.no](mailto:jan@vestskog.no)  
[klausras@start.no](mailto:klausras@start.no)

Sjå også [www.stoppkraftlinja.no](http://www.stoppkraftlinja.no)

**”Folkeaksjonen i Hardanger for kraftoverføring med sjøkabel”** er støtta av:



Hardangerrådet



GRANVIN HERAD



KVAM HERAD



ULVIK HERAD